

LESEKNAPPEN – EIN SUKSESS



Masfjorden opplever auka leselest med Leseknappen. Foto: Kjellaug Bolset Stand



Fleire og fleire kommunar bruker Leseknappen for å motivera til meir lesing i skulen.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER

— Ein lærar i Masfjorden fortel om elevar som har gjort påviseleg framgang i lesinga, det vert lese i friminutt og på bussen, og leselest er stor. Eit barn kom med heile fire lesekort då han kom for å hente knappen, fortel biblioteksjef i Masfjorden, Kjellaug Bolset Stand.



For kvart lesekort skal elevane lesa ti bøker.

– Utruleg stas

Leseknappen er utvikla ved biblioteket i Lenvik, men er no i bruk over heile landet.

Bergen off. bibliotek har fleire års erfaring, og har no lært opp mange andre bibliotek i Hordaland.

I Bergen får 2.klassingane brev med heim om opplegget og så kjem dei til biblioteket saman med foreldra og låner bøker.

— Det er utruleg stas når dei kjem. Ei skikkeleg høgtid, seier Sigrid Furnes ved Hordaland fylkesbibliotek. Ho tykkjer Leseknappen er eit fint verkemiddel til å få opp leseglede og -treninga.

Fleire bøker

Bøker tilpassa «nye lesarar» er kjøpte inn i hopetal, også med støtte frå Den kulturelle skulesekken.

Godt samarbeid mellom skulane og biblioteket i Masfjorden gjorde at dei blei samde om å laga bokkassar til klassane der elvane kunne velja seg bøker frå i samråd med lærar. Men også her fekk elevane med brev og lesepass heim. Nokre har kome på biblioteket med foreldre i tillegg.

Totalt er det 18 kommunar i Hordaland som no er med på Leseknappen. Ifølgje Sigrid Furnes er det enno tidleg å sjå om det påverkar utlansstatistikken på biblioteka, men det ser lovande ut.

Loen Barnehage vann Leseprisen for arbeidet sitt med Pulverheksa. Les korleis barnehagen har brukt bøkene på ein unik måte, og lagt til rette for eit godt språkmiljø i barnehagen.

Då leseglede kom svevande på ein sopelime



for deg som jobbar med barn

@avisapirion

www.pirion.no

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

PiRion

Tips oss på pirion@pirion.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no



Loen Barnehage har vunne Leseprisen til Lesesenteret for arbeidet sitt med Pulverheksa.

PULVERHEKSA på besøk i Loen barnehage

Vi er blitt ein barnehage der foreldre og ungar går gjennom porten med sekk i eine neven og bøker i den andre, for også i heimane vert barnehagen sine bøker lese. Denne endringa hjå oss skjedde etter at vi valde å drive eit utviklingsarbeid med lesing i fokus, der hensikta var å gjere barna glade i bøker, og slik legge til rette for eit godt språkmiljø i barnehagen.

Språkstimulering i rammeplanen

Rammeplanen for barnehagen (2006) slår fast at småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for utvikling av språk, og at barnehagen her har fleire viktige oppgaver.

Eit godt språkmiljø for alle barn

Sidan vi alt var godt i gang med særleg oppfølging i grupper for dei som trong det mest, bestemte vi oss for at vi no ville satse meir på å skape eit godt språkmiljø for *alle* barn i barnehagen.

Bakgrunnen for val av tema var Stryn kommune sitt satsingsområde «Lese-dugnad» og endringar i omgjevnadane som førte til nye omsyn å ta grunna stadig

auke i talet på minoritetsspråklege barn, og talet «store» barn i barnehagen vår. I tillegg hadde personalet eit ynskje om å opne meir opp for spontanitet og barna sine innspel i kvardagen. Barnehagen måtte finne nye måtar å arbeide på for å møte alle desse utfordringane på ein god måte.

Å gjere barna nyfikne på bøker

Vi innførte ulike tiltak som å lage eige leserom, innføre dagleg lesestund for alle barna, bibliotekbesøk og språksamlingar. Vi tok også i bruk lyd bøker og oppretta bokutlån for heimane. Mykje viktig arbeid dette, men i tillegg hadde vi eit inderleg ynskje om å gjere barna ekstra nyfikne på bøker og det som var «inni» dei, for slik å vekke deira eiga leseglede.

Ein god måte å gjere dette på vart å få figurane i bøkene til å «kome ut» til oss i lys levande skikkelsar. Vi valde å satse på å levandegjere bokserien om Pulverheksa av Ingunn Aamodt. Heksa skulle kome på kosten sin, feie all lesevegring til side og ta oss alle med ein real språkstorm. Ho skulle verte den store «snakkisen» blant

barna både i barnehagetida og heime. Språket vert nemleg best utvikla når det vert *brukt*, så då gjeld det å få i gang forteljemotoren!

Hekseprosessen – om å gjere boka levande

Viktige føresetnader for å skape eit godt Pulverheksa-miljø hjå oss var ein assistent med teatral-ske evner og vilje, og ein annan kreativ assistent som var god med rekvisittar og symaskin. Allereie ved oppstart i august, før ungene hadde lese om Pulverheksa, starta vi å gje dei små hint. Vi laga ho til eit mystisk fenomen som dukka opp i ny og ne. For eksempel: «Hmm, her e kome fleire myntar i skattekista vår ... kven kan ha putta dei oppi der, tru? Kan det vere ei heks? Eller: «Veit de kva eg såg i går kveld når eg var innom barnehagen? Noko raudt og svart som flaug i lufta, på ein kost trur eg det var ...!» På denne måten gjorde barna store auge, og starta å snakke om Pulverheksa lenge før dei hadde sett eller høyrte om ho i ei bok.

Etter eit par veker les vi fyrste boka i Pulverheksa-serien dagleg, og då barna kjente til heksa og vennene hennar, dukka ho plutsleg lys levande opp i samlinga. Ungane vart begeistra, nokre tykte ho likna på Inga, at ho *snakka* som Inga og hadde same klokke som Inga, men det var jo ikkje ho, for ho var jo til pause eller reist til Stryn eit ærend ...! Seinare lét vi heksa dukke opp på ulike boksamlingar og «events» gjennom året. Andre gongar lét vi ho dukke opp når det var særlege tema vi ville ta opp med barna, som t.d. det å bite og skade andre – vi fletta det inn i ei bok om heksa og dramatiserte boka. Vi les ei ny bok i serien i bortimot ein månad. Heksa si rolle vart ikkje å kome hyppig, men å kome godt når ho kom!

Levande «bok-events»

Vi la opp til fleire større «levande bok-events» i løpet av året.

Grønskollingdag: Vi dramatiserte heile boka om «Grønskollingen» ein heil barnehagedag, der barna og dei tilsette hadde rollene. Det vart invitert og organisert med bursdagfest for Grønskollingen og barn og vaksne som leita etter han saman med Pulverheksa.

Heksejakt i skogen: Vi laga ei hekseverd i skogen, som barna fann på sin vanlege skogstur. Rekvisittar og hekseskilt låg strødd utover eit stort område, og plutsleg var barna på heksejakt!

Karneval: Temaet var Pulverheksa, så alle måtte kle seg ut som noko frå desse bøkene.

Pulverteater: Eit enkelt manus vart skrive ut frå boka «Pulverheksa og Plageånden». Vi fletta inn songar om vennskap og mobbing, og laga ein musikal til framføring for foreldre og skulen i bygda.

Pulverheksarommet

Alt vi brukte av kostymer og rekvisittar, vart stilt ut på «Pulverheksarommet», slik at barna kunne leike med det der. Her var det innreia med heksehus og fengsel, krokodiller og heksegryte. Mange kostyme vart laga i ulike storleikar, slik at vi hadde både for vaksne og barn, til samling og til leik.

Det var tydeleg å sjå at rommet var viktig som ein stad å «gjere boka levande», ungene kunne boltre seg vidare, tilføre nye element til historiene, og lage sine eigne. Personalet fortel:

«Eg såg ei fin oppleving ein gong, og har sett fleire slike i år. Vi hadde nett lese ei Pulverheksa-bok, og då vi var ferdige tok ungene på seg

kostyme og spelte heile handlinga i boka i leiken. Det var engasjerande og veldig kjekt å sjå!» fortel ein av assistentane.

Her såg vi ofte at norske og minoritetsspråklege barn leika saman med felles leiketema som dei hadde utvikla eit felles språk for. Barn som knapt hadde starta å snakke norsk, brukte plutsleg ord som «Suppegjøken» og «Grønskollingen». Dei hadde utvikla det same verktøyet i denne leiken som dei norske barna. Vår erfaring med denne måten å jobbe på, er at ein oppnår å skape den rauda tråden frå tema-arbeidet over til barna sin leik og tilbake igjen. Heile vegen vil språket vere aktivt i bruk, og ein inkluderer på ein fin måte fleirspråklege barn, og barn som til vanleg er av det meir stille slaget.

Kjekke dagar

Personalet fortel om kjekke og spennande dagar, der dei ser at det arbeidet dei legg ned med lesing, festar seg i barna og kjem att i auka bruk av språket. Foreldre fortel om barn som pratar dei øyrene fulle om Pulverheksa. Nokre seier også at barna deira no finn meir roa med bøker, og at ordforrådet til barna aukar i takt med lesinga. Minoritetsspråklege foreldre seier at dette har vore ein god måte for dei å lære seg norsk på. Det vart nok lest i mange heimar i Loen før dette prosjektet også, men fleire fortel om auka lesing og nye vanar med bøker ved leggetid.

Hjå oss vart det viktig å få alle med på prosjektet heilt frå starten av. Nøkkelen til dette vart sunn galskap, humor og glede. Å vri om denne nøkkelen tente naturleg nok gnisten hjå både ungar, foreldre og tilsette, for kven vil vel ikkje vere med å ha det litt gøy ...?

Artikkelen vart først publisert på Lesesenteret.no!

Loen barnehage har gått frå å vere ein barnehage der det heller sjeldan blei lese bøker, til å bli ein barnehage der bøker utgjer vårt springbrett til arbeid med tema, fagområde og leik.

AV: HILDE BRIKSDAL,
LOEN BARNEHAGE



Alt vi brukte av kostyme og rekvisittar, vart stilt ut på «Pulverheksarommet», slik at barna kunne leike med det der.



Ikkje ser eg «Suppegjøken» og ikkje ser eg «Grønskollingen»...